

Skyting med rifle og hagle i Øvre Rossavik

Laurdag 21. juni kan du få bli med og skyte med hagle og rifle. (salong- og jaktrifle) (Gjeld for deg som går på mellomsteget og ungdomssteget.)

For dei som ikkje har eiga transport startar vi frå skulen klokka 11:00 og køyrer opp til skytebanen i Kvelven der me fordeler oss i to grupper. Den eine gruppa startar på riflebanen, den andre på leirduebanen. Skyttarane skiftar bane etter avtalt tid.

Skytinga er gratis for deg som berre vil prøve nokre få skot. Vil du derimot skyte ein heil serie må du rekne med å betale kr. 40,- på leirduebanen, (25 skot og duer) og det same på riflebanen med jaktrifle.

Dersom du ikkje er sikker på om du ønskjer å skyte, er det heilt greitt at du blir med og ser på.

Det blir hovudvekt på sikkerhet på standplass + opplæring i korrekt våpenhandtering og skyteteknikkar.

Det er ofte kaldt i Kvelven, så kle deg skikkelig! Ta med øyreklokker om du har. Dersom du ikkje har, vil du få låne.

På riflebanen stiller Espedal skyttarlag med ansvarleg skyteleiar og på leirduebanen har Forsand Jeger og Fiskerforening ansvaret for skyteleiing.

Påmelding til Tore på skulen seinast fredag 20. juni.

Du må ha med deg underskrift frå føresette om du vil bli med på dette!

Det er greitt for meg at _____ får bli med på skyteopplæringa.

Føresette si underskrift: _____.

Helsing Espedal skyttarlag og Forsand jeger- og Fiskerforening